

Juleverkstad og god førjulsstemning.

23.11.2015



Målfrid Myklebust kosar seg i full konsentrasjon. I bakgrunnen Valborg Sjøwall og instruktøren Gro Hjelmeland. Resultatet vert om lag som modellen til venstre.

Sist veke arrangerte Gros Blomster kurs og inspirasjonskveld med heile 20 deltagarar. I kveld stilte Gro opp med eit nytt tilbod, - ein juleverkstad. Denne gongen var det i klart mindre målestokk både med omsyn til tal på deltagarar og variasjon i det som vart laga. Stemningen var likevel på topp, og deltagarane fekk ei god kjensle av at jula nærmar seg.

Medan det vart 3 instruktørar på kvelden sist veke, styrte Gro juleverkstaden i kveld åleine, og dei held til i butikklokalet. Med utgangspunkt i ein modell og instruksjonar frå Gro skulle alle deltagarane laga ein dekorativ adventsstake.

Då eg var innom, var dei så vidt komne i gang. Konsentrasjonen i arbeidet var på topp både i butikklokalet og på bakrommet. Innimellom runga også latteren. Koseleg stemning var det, og det var tydeleg at både instruktøren og deltagarane hadde ein kjekk kveld.

Gros Blomster fortener verkeleg ros for at dei stiller opp med slike tilbod. Det er det mange som set pris på.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland